



Lærdal kommune

Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
031/26	Utval for miljø og samfunnsutvikling	24.08.2026
	Kommunestyret	

Sakshandsamar: Niklas Aarnio	Arkiv:	Arkivsaksnr.: 25/1324 - 63
------------------------------	--------	----------------------------

Fastsetting av planprogram - områdereguleringsplan for flaumsikring av Lærdalsøyri

Kort samandrag:

Planprogrammet for områderegulering for flaumsikring av Lærdalsøyri har vore på høyring og offentlig ettersyn. Etter høyringa er planprogrammet justert, mellom anna med tydelegare skildring av utgreiingsalternativ og nytt tema for konsekvensutgreiing om lokalsamfunn og eigedomstilhøve.

Kommunedirektøren si tilråding:

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 4-1 og 12-9 blir planprogrammet for områderegulering for flaumsikring av Lærdalsøyri fastsett slik det ligg føre.

24.08.2026 Utval for miljø og samfunnsutvikling

Handsaming i møtet

Røysting:

Tilrådninga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteken.

UMS - 031/26 Vedtak

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 4-1 og 12-9 blir planprogrammet for områderegulering for flaumsikring av Lærdalsøyri fastsett slik det ligg føre.

Vedlegg:

Revidert planprogram - områderegulering for flaumsikring av Lærdalsøyri
Oppsummering og vurdering av innspel
Multiconsult sitt notat om oppfølging av moglegheitsstudie i lys av høyringsinnspel
Moglegheitsstudie for flaumsikring av Lærdalselva ved Lærdalsøyri
Statsforvaltaren i Vestland - Fråsegn - Varsel om oppstart og høyring av planprogram - områderegulering for flaumsikring av Lærdalselvi ved Lærdalsøyri
Notat NVE - Kommentar til fråsegn Statsforvaltaren - Eksisterande flaumvoll og naturrestaurering - 20559 Sikring av Lærdalselva v/Lærdalsøyri - Vestland fylkeskommune - Fråsegn til varsel om oppstart og høyring av planprogram - områderegulering for flaumsikring Lærdalselvi ved Lærdalsøyri - Lærdal kommune
Statens vegvesen - Uttale ved oppstart og høyring av planprogram - Områderegulering for flaumsikring Lærdalselvi ved Lærdalsøyri - Lærdal kommune
NVE sitt innspel - Varsel om oppstart og høyring av planprogram - Områderegulering for flaumsikring Lærdalselvi ved Lærdalsøyri - Lærdal kommune
Fiskeridirektoratet sitt svar på: Varsel om oppstart og høyring av planprogram - Områderegulering for flaumsikring Lærdalselvi ved Lærdalsøyri
Mattilsynet - Innspel til varsel om oppstart og høyring av planprogram - Områderegulering for flaumsikring Lærdalselvi ved Lærdalsøyri
Per Einvald Aspevik - Innspel til flaumsikring på Lærdalsøyri ved Hanseskogen 23
Alf Olsen - Flaumsikring Lærdalsøyri - innspel til planarbeid
Sygnir - Høyringsinnspel om flaumsikring
Lærdal ungdomsråd - høyringsuttale flaumsikring
Lærdal idrettsanlegg - innspel til flaumsikring på Lærdalsøyri
Thomas Øye - Anmodning om garanti for dekning av advokatutgifter – områderegulering for flaumsikring Lærdalselvi ved Lærdalsøyri
Sigrun G Henriksen og Petter Stokke - Innspel til flaumsikring på Lærdalsøyri - saksnummer 25/1324
Elmar Gjesdal og Anne Eren Kvamme - Innspel til flaumsikring - Sjukehusvegen 22
Innbyggjarane i Grimsgjerde - Høyringsuttale flaumsikring Lærdal
Jorunn Sandøy Bjørkum - Flaumsikring Lærdalsøyri
Thomas Øye - Innspell - Flaumsikring
FAU Lærdalsøyri skule - Innspel til flaumsikring
Magnhild Aspevik - Områderegulering for flaumsikring av Lærdalsøyri - innspel til planprogram
Advokat Ole Petter Breistøl på vegner av Per S. Hjermann - Merknad til områderegulering - flaumsikring
Anne Guri Gjerde - Fråsegn i høve områderegulering for flaumsikring av Lærdalsøyri

FAU Lærdalsøyri barnehage - Innspel til flaumsikring på Lærdalsøyri
Christopher Rumohr Gjerde og Tor Magne Gjerde - Innspel til flaumsikringstiltak av Lærdal sentrum
Andres Øye - Innspel til flaumsikring på Lærdalsøyri
Kirsten Ødegård m.fl. - Høyringsuttale planprogram flaumsikring
Lærdal elveeigerlag - Høyringsuttale i forbindelse med utarbeidelse av områdereguleringsplan flaumsikring av Lærdalsøyri 22.12.25
Aurlen Vordahl & Co Advokatfirma AS på vegner av Christian Rumohr Gjerde m.fl. - høyringsinnspill - flomsikring av Lærdalsøyri
Kristen Rockland Aarethun - HØYRINGSUTTALE – PLANPROGRAM FOR OMRÅDEREGULERING FOR FLAUMSIKRING AV LÆRDALSØYRI
Felles landbrukskontor ÅLA - Uttale – Planprogram for Områderegulering for flaumsikring av Lærdalsøyri

Relevante dokument i saka

Revidert planprogram - Områdereguleringsplan for flaumsikring av Lærdalsøyri
NVE Ekstern rapport nr. 23/2024 Mulighetsstudie for flaumsikring av Lærdalselva ved Lærdalsøyri

Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.

Plan- og bygningslova
Byggteknisk forskrift (TEK17)
Forskrift om konsekvensutredninger
Granelova

Saksutgreiing

Planprogrammet er første steg i arbeidet med ein områdereguleringsplan. Føremålet med planprogrammet er å avklara rammene for planarbeidet, skildra planprosessen, fastsetja kva alternativ og tema som skal vurderast, og gjera greie for opplegg for informasjon og medverknad. Planprogrammet skal sikra at relevante problemstillingar blir identifisert tidleg, og at vidare utgreiingar blir målretta og tilpassa dei verknadene planen kan få.

Det er utarbeidd planprogram fordi områdereguleringa er vurdert å kunna få vesentlege verknader for miljø, samfunn og arealbruk, og fordi plan- og bygningslova stiller krav om planprogram for slike planar. Når planprogrammet blir fastsett, dannar det grunnlaget for det vidare arbeidet med sjølve planforslaget.

Med heimel i formannskapsvedtaket 12. juni 2025 blei det varsla oppstart av planarbeidet samstundes som planprogrammet blei sendt ut på høyring og til offentleg ettersyn 22. oktober 2025. Høyringsfristen blei sett til 21. desember 2025. I høyringsperioden fekk fire høyringspartar utsett frist til uttale. Det vart arrangert eit informasjonsmøte med NVE på Lærdal kulturhus 17. november 2025. Ei fullstendig oppsummering og vurdering av dei innkomne høyringsinnspela ligg føre i eit separat vedlegg.

I høyringsperioden mottok kommunen innspel og uttalar frå følgjande aktørar:

Offentlege styresmaktar

- Fiskeridirektoratet
- Mattilsynet
- Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)
- Statens vegvesen
- Vestland fylkeskommune
- Statsforvaltaren i Vestland

Lag, organisasjonar og bedrifter

- Sygnir
- Lærdal ungdomsråd
- Lærdal idrettslag
- FAU Lærdalsøyri skule
- FAU Lærdalsøyri barnehage
- Lærdal elveeigarlag
- Felles landbrukskontor ÅLA

Privatpersonar og grunneigarar

- Per Einvald Aspevik
- Alf Olsen
- Thomas Øye
- Sigrun G. Henriksen og Petter Stokke
- Anne Eren Kvamme og Elmar Gjesdal
- Innbyggjarane i Grimsgjerde (Dagfinn Eri, Ingeborg Øren, Bjarne Nedrehegg, Terje Forberg, Dagrun Valaker, Henning Greve Lem, Jorunn D. N. Lem, Håkon Lysne, Wenche Lie Lysne, Magnar Horge, Bente Yttri, Vidar Jansen og Lena Lamheller)
- Jorunn Sandøy Bjørkum
- Magnhild Aspevik
- Advokat Ole Petter Breistøl på vegner av Per S. Hjermann
- Anne Guri Gjerde
- Christopher Rumohr Gjerde og Tor Magne Gjerde
- Andres Øye
- Kirsten Ødegård, Fred Olav Ødegård, Knut Helge Ødegård, Marit V. Ødegård, Kari Ødegård og Anne Grethe Ødegård
- Aurlien Vordahl & Co Advokatfirma AS på vegner av Christian Rumohr Gjerde, Olav Hunderi, Ola Geir Hunderi, Eli Bolstad Skjær og Lars Thorup
- Kristen Rockland Aarethun

På bakgrunn av høyringsinnspela har Lærdal kommune hatt arbeidsmøte med NVE, Vestland fylkeskommune og Statsforvaltaren i Vestland våren 2026. I møta har høyringsuttalar frå dei involverte høyringspartane blitt drøfta. Det har vore særleg viktig å diskutera korleis alternativa som skal konsekvensutgreiast i planarbeidet, blir skildra i planprogrammet.

I høyringsinnspela har det blitt stilt spørsmål ved omfanget av prosjektet og sikringsnivået. Det blir peika på kostnadene og konsekvensane flaumsikringstiltaka vil medføre. For å stadfesta dei mest grunnleggjande premissa for planarbeidet fekk formannskapet ei drøftingssak i mai 2026, der mellom anna sikringsnivå og tal på alternativ som kommunen skal gå vidare med, blei diskutert. Formannskapet som styringsgruppe fastslo at flaumsikringstiltaka skal oppfylle sikkerheitskrava i TEK17, og at det i planarbeidet skal utgreiast minst to alternativ i tillegg til nullalternativet.

Ein stor del av høyringsinnspela er knytt til moglegheitsstudien som Multiconsult utarbeidde på oppdrag frå NVE. Kort tid etter høyringsfristen bad Lærdal kommune NVE om bistand til å gå gjennom høyringsinnspela som omhandla det faglege innhaldet i moglegheitsstudien. NVE valde å engasjera Multiconsult til dette arbeidet, og notatet blei ferdigstilt i august 2026. I notatet klargjer Multiconsult vala som blei gjort i samband med utarbeidinga av moglegheitsstudien. Det må understrekast at notatet ikkje er ei kommunal vurdering eller tilråding, men eit fagleg supplement til moglegheitsstudien. Tilrådingane i notatet skal vurderast nærare av NVE og Lærdal kommune i det vidare planarbeidet.

Økonomiske konsekvensar

Flaumsikringsprosjektet vil få betydelege økonomiske konsekvensar for Lærdal kommune, uavhengig av val av alternativ. NVE kan dekkja inntil 90 % av kostnadene ved dei fysiske sikringstiltaka, medan kommunen må dekkja dei resterande 10 % (distriktsandel). I tillegg har kommunen ansvar for kostnader knytt til grunnnerv, nødvendige avklaringar og kartleggingar (t.d. knytt til kulturminne og områdestabilitet), reguleringsplanarbeidet samt drift og vedlikehald av anlegga etter ferdigstilling. Det er framleis stor uvisse knytt til samla kostnadsnivå, kostnadsdeling, grunnnerv, drift og vedlikehald. Dette må avklarast nærare før kommunen tek stilling til gjennomføring av konkrete tiltak.

Vurdering

Etter høyring og offentleg ettersyn er planprogrammet justert på enkelte punkt. Endringane gjeld særleg presisering av alternativ som skal konsekvensutgreiast, innføring av eit nytt KU-tema om lokalsamfunn og eigedomstilhøve, og oppdateringar i kunnskapsgrunnlaget. Endringane kan delast inn tematisk på følgjande vis:

Alternativ som skal konsekvensutgreiast

Statsforvaltaren etterlyste i si fråsegn ei tydelegare skildring av kva alternativ som vil konsekvensutgreiast i planarbeidet. I dialog med NVE har administrasjonen valt å gå vidare med to utbyggingskonsept som skal konsekvensutgreiast:

- Tilbaketrekt flaumbarriere (bygger på prinsippa i tiltakskombinasjonar 2A og 3 i moglegheitsstudien)
- Elvenær flaumbarriere (bygger på prinsippa i tiltakskombinasjon 2B i moglegheitsstudien)

Administrasjonen meiner at desse alternativa bidrar til å tydeleggjera kva alternativ som blir vurdert og utgreidd i det vidare arbeidet. Desse alternativa representerer to prinsipielt ulike

inngrepsstrategiar, og gir dermed eit tilstrekkeleg grunnlag for å samanlikna verknader. Det er viktig å understreka at tiltakskombinasjonane i moglegheitsstudien og utbyggingskonsept som er definert i planprogrammet kan skildrast som ytterpunkt i planarbeidet. Ved optimalisering av løysingar kan det hentast inn element frå begge utbyggingskonsept. I tillegg må det i arbeidet med reguleringsplanen og forprosjektet vurderast korleis nordsida av Lærdalselvi kan sikrast som følge av forverra flaumsituasjon. Her er det i utgangspunktet to moglege alternativ: anten må kvar eigedom sikrast for seg, eller så må det etablerast flaumbarrierar slik det blir gjort på sørsida av elva. Sikringstiltaka på nordsida av elva vil ha høg prioritet i NVE sitt forprosjekt.

Tema som skal konsekvensutgreiast

I høyringsinnspela, særleg frå innbyggjarar og grunneigarar, har det kome fram at konsekvensar for lokalsamfunnet er vurdert i for liten grad i moglegheitsstudien. På bakgrunn av innspela er det definert eit nytt KU-tema som heiter "Lokalsamfunn og eigedomstilhøve". Administrasjonen vurderer at omsynet til lokalsamfunn, eigedomstilhøve, tilkomst, nærmiljø, skule- og barnehageområde og eksisterande bruk av areala må få ein tydeleg plass i det vidare planarbeidet. Gjennom å ha dette som eit eige tema i konsekvensutgreiinga vil det vera lettare å talfesta konsekvensane for lokalsamfunnet og vurdere desse opp mot andre KU-tema.

Statsforvaltaren sitt ønske om naturrestaurering

Eit tema som Lærdal kommune og NVE har brukt tid på å diskutera, er Statsforvaltaren sitt ønske om å ta inn naturrestaurering som eit delalternativ i utgreiingsprogrammet. Statsforvaltaren skriv i si fråsegn at naturrestaurering gjennom fjerning av eksisterande elveførebygging kan ha store positive verknader for naturmangfald i og langs elva, og at dette bør utgreiast nærmare. NVE har i brev til Lærdal kommune, datert 10.07.2026, tilrådd at kommunen ikke imøtekjem Statsforvaltaren sitt ønske. NVE understrekar at hovudføremålet med prosjektet er flaumsikring av busetnaden på Lærdalsøyri, og at NVE ikkje har mandat eller midlar til å planlegga eller gjennomføra naturrestaurering som del av sine sikringsprosjekt. Administrasjonen sluttar seg til NVE si vurdering, og naturrestaurering er ikkje tatt inn i planprogrammet som eit delalternativ. Sjølv om naturrestaurering ikkje blir teke inn som eige delalternativ, skal moglege miljøforbetrande tiltak, avbøtande tiltak og konsekvensar for naturmangfald vurderast som del av det vidare planarbeidet.

Andre mindre endringar

I tillegg er det gjort mindre endringar i planprogrammet. Desse endringane kan skildrast som redaksjonelle, og er i stor grad knytt til kunnskapsgrunnlaget og språket.

Kva fastsetting av planprogrammet inneber

Fastsetting av planprogrammet inneber ikkje val av endeleg sikringsløysing eller vedtak om gjennomføring av konkrete tiltak. Planprogrammet fastset rammene for det vidare planarbeidet, mellom anna kva alternativ og tema som skal greiast ut. Endeleg vurdering av løysing, arealinngrep, kostnader og avbøtande tiltak vil skje gjennom arbeidet med reguleringsplanen og seinare politisk handsaming av planforslaget.